



Miljøløftet

NOTAT

Vedlegg nr. 2

Til: Styringsgruppa
Fra: Bjørnafjorden kommune
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
Kaisa Tonheim Banne / 97 16 77 79
Vår dato: 16.05.2023

Sak 52/23 Behov for auka bruk av post 30 midlar til finansiering av tiltaket «Etablering av trafikksikker og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen»

Bakgrunn, forankring og problemstilling

Prosjektet har fått oppstartsløyving i statsbudsjett over programområda (post 30). Vestland fylkeskommune er byggherre. Tiltaket er forankra og fullfinansiert gjennom lokalpolitisk vedtatt handlingsprogram for Miljøløftet for 2023-2026 og i handlingsprogram 2024-2027 i sak 33/23 i styringsgruppa. Tiltaket har ei venta totalkostnad på 168,3 mill. kr der 58,1 mill. kr er anna finansiering som består av meirverdiavgift som Vestland fylkeskommune løyver, tilskot frå Bjørnafjorden kommune og tilskot frå private utbyggjarar. Anleggsbidraget vil ikkje forfalle i byggefasen av prosjektet og Bjørnafjorden kommune har ikkje moglegheit til å inngå ein finansieringsavtale med Vestland fylkeskommune om at det private tilskotet kan betalast ut i byggefasen av prosjektet. Bjørnafjorden kommune melder difor eit behov for å auke ramma av prosjektet som vert dekt av post 30 midlar, tilsvarande det private bidraget (20 mill. 2015-kr).

I det vidare blir det gjort greie for finansieringssituasjonen, inkludert omfanget og periodiseringa av kostnadsbehovet. Vestland fylkeskommune er sannsynlegvis klare til å lyse ut tiltaket før sommaren og det er behov for ein rask avklaring.

Kostnadsfordeling, periodisering og behov

Prosjektark og Handlingsprogram 2024-2027 har lagt til grunn følgande finansieringsplan (tusen forventa 2024-kr).

Totalkostnad	Tidlegare løyving	2024	2025	2026	2027	Anna finansiering
168 300	51 200	35 000	19 700	4 300	-	58 100

I byvekstavtalen er det satt av om lag 300 mill. (forventa 2024-kr) til programområdetiltak i Bjørnafjorden kommune. Ved rulleringa av HP24-27, er om lag 140 mill. av desse midlane framleis tilgjengeleg til prosjekt i kommunen.

Vurdering

Saka blei drøfta i prioriteringsrådet 12.05.2023. Prioriteringsrådet sluttar seg til at ramma for post 30 midlar til prosjektet bør aukast, for å sikre fullfinansiering.

Partane i Miljøløftet er gjennom vedtaket av handlingsplanprogrammet for perioden 2024 – 2027 einige om at Hatvikvegen er eit viktig og prioritert tiltak. Tiltaket har høg måloppnåing på fleire sentrale kriteria som ligger til grunn for Miljøløftets arbeid som:

- Nullvekstmålet
- Tilrettelegging for attraktive alternativ til personbiltransporten
- Sikrar gode løysingar for gang-/sykkel i området, blant annet til skole
- Vesentleg meir trafikkikkert tilbod for myke trafikantar
- Bidrar til auka gange- og sykkelandel

Prosjektet underbygg nasjonale mål og satsingar og er allereie prioritert i statsbudsjettet.

I tillegg til høg måloppnåing er det ein rekke omsyn som tilseier at prosjektet ikkje bør utsettast i tid, men gjennomførast med snarast mogleg oppstart:

Framdrift

- o Utover tilsegn om fullfinansiering er alle sentrale forhold av betydning for anleggsstart, så som plangrunnlag og erverv, avklart og i rute med tanke anleggsstart hausten 2023.
- o VLFK har rigga sin byggherreorganisasjon med tanke på anleggsstart som føreset.

Andre omsyn

- o Tiltaket og anleggsstart er etterspurt av fleire interessegrupper
- o Å utsette eit gryteklart og såpass omfattande prosjekt med høg måloppnåing er verken ønskeleg eller heldig i eit omdømmeperspektiv.
- o Erfaringa tilseier at gjennomføringa av prosjektet vil stimulere til ønska vidareutvikling av området, ved at fleire fattar interesse for å utvikle sine eigendomar raskare enn det som elles ville vært tilfelle.

Forslag til vedtak

Miljøløftet si styringsgruppe sluttar seg til å auke tildeling til prosjektet «Etablering av trafikk sikker og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen» med statlege programområdemidlar for å dekke også det private bidraget. Endringane blir arbeidd inn i handlingsprogram 2025 – 2028.